



Jan Frank Christiansen: - No har vi att 700 sekkar av årets vedproduksjon. (Foto: Ola Matti Mathisen)

AFA i Uskedalen er den klart største sekkevedprodusenten i Kvinnherad og kundane har strøyma på i det siste. Dei eksplosive straumprisane med tilhøyrande skrekkprognosar har gjort sin verknad også på våre kantar. Mange meiner at folk handlar panikkarta.

- No ligg vi fire månader framfor fjoråret med omsyn til vedomsetnad, seier dagleg leiar Jan Frank Christiansen til **uskedalen.no**.
- Kva meiner du med det?
- I fjor vår laga vi 3.000 sekkar og vi laga 3.000 også denne våren. Ved siste årsskifte hadde vi att 700 sekkar. Men salet har vore så godt i år at vi allereie no har att berre 700 sekkar, forklarar Christiansen.
- Kvifor ikke auka produksjonen?
- Vi har ikkje lagerplass til meir. AFA har ein rutine som går ut på at vi lagar ved mellom nyttår og påske og køyrer han ut om hausten. Vi satsar på older og bjørk og hentar veden frå store deler av Kvinnherad.
- No skal det hoggast langs riksvegen – får AFA noko av den veden?
- Vi er ikkje ein del av det prosjektet, svarar Christiansen.